

MENINGER DEBATT

Delta i debatten, skriv til oss!
debatt@nationen.no



SEND DITT INNLEGG TIL:
DEBATT@NATIONEN.NO

Innlegg kan også sendes per post til Nationen,
Postboks 9390 Grønland, 0135 Oslo.
Merk konvoluttene «debatt».
Innlegg som sendes elektronisk blir prioritert.

TEKSTLENGDER:

Kronikk: Maks 4900 tegn med mellomrom.
Leserinlegg: Maks 2000 tegn
Du kan også levere innlegg på nationen.no

Kronikker honoreres som hovedregel ikke.
Redaksjonen forbeholder seg retten til å
redigere og forkorte innsendt stoff og til å
publisere det på alle våre plattformer.

Langsamt vert Skottland skotsk

Fyrst etter den omstridde land-reforma der lokalsamfunna fekk høve til å kjøpe eigedomar frå godseigarane kring årtusenskiftet vart det mogeleg for dei lokale å få utøve jakta utan å risikere straff.

Bjørn Egil Flø,
forskar, Nibio

«**Y**ou were restricted ... , rich people, coming from England, taking over the deer, the salmon fishing, and everything. With the result that when you were sixteen and got hold of a rifle you went out trying to take back what once yours».

DET GNISTRAR i augo på den aldrande og kolssjuke mannen der han formeleg kryp over armlenet i øyrelappstolen for å visualisere sine ungdomlege bragder som poacher - eller krypskyttar - i sine heimlege fjell. Den sterke skotsk-gæliske aksenten, med dei tydeleg rullande r'ane og den klare uttalen, gav forteljinga hans ekstra styrke.

HEILE SITT liv har han budd i dette vesle grendesamfunnet utanfor Tarbert på dei skotske Hebridane. Her har han livberga seg som mangesyslar, sjølvært i ei rekkje handverk, han har vore både snikker og murar og kranfører på hamna i Tarbert for å spe på den magre hovudinntekt som heimefiskar med hummarfangst på seinsumaren og utover hausten.

I UNGDOMEN gjorde han gode pengar som sesongarbeidar på den norske kvalfangststasjonen like ved der han vaks opp. Men på kveldane og dei månelyste nettene kunne han ta seg turar for å bidra til hushaldet med ei

hind eller ein ungbukk frå godseigaren sin leikeplass. Og på dei svartaste nettene kunne han enda driste seg til å ro ut eit garn over elveosen å forsyne seg av laksen som han, i motsetnad til godseigaren sine verner, aldri fekk gleda av å fiske lovleg langs elvebreidda.

«**ME HADDE** gjensidig respekt for kvarandre, me og game keeperen» fortel han, og skildrar ein farleg lek med godseigaren sin viltforvaltar. Dei trong vere raske og smarte for å lure han, og ferdigheitene deira gjorde somtid inntrykk på viltforvaltaren som ved fleire høve også uttrykte at han var imponert over dugleiken til tjuvjege-rane.

DEN FARLEGE leiken med gamekeeperen gav tjuvjakta ein ekstra dimensjon. «Det var vår form for sport», seier han og legg til at han aldri har likt dei engelske omgrepa for verken jakt eller vilt. Der både stalking og shooting vitnar om at jakta er redusert til berre å vere ein sport for rikfolk, og ordet hunting er eintydig forstått som revejakt til hest og ein flokk hundar halsande etter ein livredd rev. Så er det ordet game han har aller størst problem med. «Det er ei direkte kopling til lek og sport i det ordet og det fortel litt om engelskmennenes umoralske syn på naturen», seier han. «Når me jakta var det ikkje for sport», legg han til «...it was for the pot». Derfor føretrekker han å bruke dei skotsk-gæliske orda «sealg» og «fladhaich» som begge handlar om hausting av matvilt, meir enn om sport. «Det blir som jakt og vilt på norsk», fortel han og avslører dermed at han har ein viss kjennskap til det norske språket, gjennom dei åra han gjekk som sesongarbeidar på kvalstasjonen i ungdomen.

MEN TJUVJAKTA skulle koste han dyrt. Ein haustdag i 1981 tok han ein litt for stor risiko. Med 50 kilo kjøtt på ryggen og nær 55 år i kroppen greidde han ikkje å stikke frå gamekeeperen og prisen vart seks år i fengsel.



Calum MacAulay har heile sitt liv budd i dette vesle grendesamfunnet.

FOTO: BJØRN EGIL FLØ

Det var ein risikofylt aktivitet, men likevel var det mange som dreiv som poachers heilt opp til i dag.

FYRST ETTER den omstridde land-reforma der lokalsamfunna fekk høve til å kjøpe eigedomar frå godseigarane kring årtusenskiftet vart det mogeleg for dei lokale å få utøve jakta utan å risikere straff. Dei lokale forvaltingsmyndigheitene som fekk ansvaret for å forvalte utmarksressursane etter at dei kjøpte eigedomen, hadde stor nytte av dei tidlegare tjuvjege-rane. Sjølv om dei bestemte seg for å leige ut halve eigedomen til ein entreprenør som ville drive kommersiell jaktutleige med utgangspunkt i godseigaren sitt slott, forstod dei at dei kunne spare mykje arbeid og pengar ved å bruke dei tidlegare tjuvjege-rane når forvaltarplikta kravde at hind og ungdyr måtte takast ut.

I DAG ser me at på dei skotske

øyane - der det har vore ein samanhengande sterk tradisjon for tjuvjakt - gradvis veks fram ein jaktkultur som i større grad liknar på den me kjenner her heime. Lokale jegerar får tildelt fellingslisensar for hann eller hodyr i ulike alder alt etter kva det er behov for å ta ut. Dei fleste av dei største bukkane er likevel «øyremerkte» dei betalande gjestane på godset, men det ser ikkje ut til å plage dei lokale på nokon måte. Det er tross alt det som finansierer mykje av forvaltingsarbeidet. Dei lokale driv med dette fyrst og fremst for maten sin del, utan at det legg nokon dempar på moroa, dessutan smakar ungdyra betre.

REISER ME lenger sør derimot, til dei meir folkerike delane av Fastlands-Skottland, ser ikkje landreforma ut til å ha endra jaktkulturen like mykje enno. Rett nok finn ein at fleire av jegerane i dag er skotske, dei kjem frå den jamt veksande

øvre middelklass i Skotland som no både har tid og økonomi til å leike storkarar. Her kler dei seg opp i tweed og hyrer inn beaters til å jage ryer og fasan til skyttarpostane. Fleire lokalsamfunn ser ut til å drifte eigedomane mykje godt på same måte som dei tidlegare landlordane, dei kultiverer terrenget med det føremålet å maksimere rypebestanden og set ut fasanar kvart einaste år for å ha vilt nok til gjestane som betalar godt for å drepe ein sekk fugl nokre timar ein helg.

MEN OGSÅ her arbeidar mange av dei lokale krypskyttarane - somme av dei tidlegare straffedømde - med å formidle at det finst ein skotsk jakttradisjon der ein fyrst og fremst jaktar for å få kjøtt i gryta. Dei organiserer lokal ungdom og tilbyr dei opplæring i sjølvstendig jakt. Dei lærer bort jaktteknikk, liksom jaktetikk. Alle drivne av eit mål om å langsamt gjere Skotland skotsk.